


Vedrørende søknad om plass i SFO frå og med hovudopptaket 2023

Frå og med hovudopptaket 2023 vil søknad om SFO-plass i Fyresdal kommune utførast via Visma føresettportal. Dette gjeld om du søker for fyrste gong, du søker endring av plasstype eller om du seier opp plassen. Dette informasjonsskrivet vil gje deg informasjon om korleis du loggar deg på føresettportalen, og korleis du legg inn søknad om plass i SFO i portalen.

- Klick på denne lenka: <https://foresatt.visma.no/fyresdal>.
- Logg inn med elektronisk ID via ID-porten.



Språk

Føresette kan bytte mellom bokmål, nynorsk og engelsk.

Kontaktinformasjon


Under «Kontaktinformasjon» visast kontaktopplysningar til skulen de som føresett har barn på. Dette inkluderer adresse, e-postadresse og telefonnummer.

Dine barn

Når føresette er inne i føresettportalen vil namna på barna ligge tilgjengelege øvst til ei kvar tid. Den skulen som barna er aktive på vil ligge under barnets namn. Ved å klike på barnets namn vil ein få opp informasjon basert på val til venstre.

Venstremenyen

Til venstre i føresettportalen har ein følgande val og underval under «Søknader»:



Det er mogleg å skru av og på venstremenyen via blå pil. Menyen er open som standard.

Fylle ut søknad

Det er same søknadsskjema for ny plass og for endring av plass.

Utfylling av søknad:

- Fyrste side:
 - Informasjon frå kommunen.
 - Mogleg å opne skulens SFO-vedtekter via Pdf-ikonet.
 - Mogleg å bekrefte at ein har lest vedtektene. Må bekrefte dette for å gå vidare.
- Andre side:
 - Felt for å legge inn ynskja startdato (for nytt opphald eller endring av opphald).
 - Felt for å legge inn kommentar (opptil 2000 teikn).
- Tredje side:
 - Felt for å velje type tilbud ein ynskjer.
 - Spesifiser kva dagar de ynskjer opphald i rubrikk «kommentar frå føresette».
- Fjerde side:
 - Kontroll av innlagte opplysningar.
 - Innsending.
- Bekreftelse om at søknad er sendt

Seie opp plass

Når ein vel «SFO søknad, endringar og oppsigelse» og har eit aktivt opphald, kjem valet «Sei opp SFO plass».

1. Fyrste side:
 - Informasjon frå kommunen.
 - Mogleg å opne skulens SFO-vedtekter via Pdf-ikonet.
 - Mogleg å bekrefte at ein har lest vedtektene. Må bekrefte dette for å gå vidare.
2. Andre side:
 - Info om barnets opphald.
 - Mogleg å legge inn ynskje om sluttdato.
 - Mogleg å legge inn kommentar.
3. Tredje side:
 - Kontroll av innlagte opplysningar.

- Innsending.

Søknaden sendast elektronisk, direkte frå føresettportalen, til Visma Flyt skule si administrasjonsløyising for kommunens opptaksmyndigheit. Når søknaden er sendt, vil du motta ei bekrefting på den e-postadressa du har oppgitt i søknaden.

Dersom du har behov for hjelp til å fylle ut søknad i føresettportalen kan du kontakte rektor ved Gimle skule, Liv Johre-Bakke, på 35 06 71 94 eller konsulent ved oppvekstkontoret, Solveig Johre Rustand, på 35 06 71 76.

Lykke til!